

DEN NORSKE KYRKJA
Bremnes sokneråd

MØTEBOK
BREMNES SOKNERÅD

Desse møtte: Jarle Havn, Anne Berit Hope, Lene Nesse, Per Nygård, Odd Kåre Sakseid, Anne Lie Steinsbø, Asbjørn Gundersen, Berit Hallaråker og John Olav Habbestad.

Møtestad: Bremnes Kyrkje
Tid: Tirsdag 24.09.2019 kl.19.00

Sak 07-01-19: Godkjenning av innkalling

Sak 07-02-19: Godkjenning av møtebok 27.08.2019

Sak 07-03-19: Referatsaker

- Møtebok frå AU10.09.2019
- Estlandskomiteen inviterar alle sokneråda til gudsteneste 13.Oktober i Moster kyrkje for å markera ei motteke maleri som gåve frå venskapskyrkjelyden i Sangaste. Estlandskomiteen foreslår at maleriet kan hengjast i Bremnes kyrkje.

Sak 07-04-19: Evaluering av kyrkjevalet

- Soknerådet evaluerar kyrkjevalet. Det var lite informasjon om kyrkjevalet i framkant av valet. Liste over soknerådskandidatar vart ikkje sendt ut i postkassen. Det var noko framandt for folk med dei tre ulike listene til bispedømmevalet. Til neste val bør det lagast klarare retningslinjer med ansvarsområder mellom valstyret og fellesrådet. Det kan hende det ikkje var nødvendig å delta på gjennomgang saman med kommunevalet. Opningstider til forhandsval kan reduserast noko for å redusera antall frivillige.

Sak 07-05-19: Oppsummering av jubileumsfeiringa

- Soknerådet oppsummerar jubileumsfeiringa samt sal av jubileumsboka så langt.

Sak 07-06-19: Evaluering av soknerådsperioden

- Soknerådet evaluerar 4-årsperioden til sittjande sokneråd, samt kjem med forslag til vidareformidling av erfaringar til nytt sokneråd. Soknerådet samla saman deira erfaringar til utveksling med det neste påtroppande soknerådet.

Berit Hallaråker
leiar

Jarle Havn
Sekretær